

Ansvar og oppgaver

Retningslinjer for forskning med personopplysingar	
Dokumenteigar: Behandlingsansvarleg	Lagt fram for Forskingsutvalet: 18.06.2020
Dokumentansvarleg: Forskingsadministrasjonen	Godkjent av direktør: 16.06.2020
Gyldig for: Behandlingsansvarleg, tilsette og studentar	Versjon: 1
Regulert av: Personopplysingsloven, Forskningsetikkloven	

Oversikta beskriv ansvar og oppgaver for involverte partar i forskingsaktivitet ved HVO.

	Ansvar	Oppgaver
<p>Behandlingsansvarleg</p> <p>Leiinga, ved rektor</p>	<p>Overordna ansvar for at HVO har system, rutinar og kompetanse til å ivareta personvernet i alle forskingsprosjekt og handtere helseforskning i samsvar med norsk lov og anerkjende forskningsetiske normer.</p>	<p>Forskingsadministrasjonen, Forskingsutvalet, IT og personvernombodet kan vere utøvande for enkelte av oppgåvene.</p> <p>Etablere rutinar og retningslinjer for behandling av personopplysningar i forskingsprosjekt, og kontrollere og oppdatere desse ved behov.</p> <p>Etablere tekniske system og løysingar som sikrar forsvarleg behandling og oppbevaring av alle typar forskingsdata.</p> <p>Etablere og følgje opp rutinar for vurdering av personvernkonsekvensar i forskingsprosjekt.</p> <p>Etablere system for å føre protokoll over all behandling av personopplysningar i forskingsprosjekt.</p> <p>Etablere rutinar for internkontroll som sikrar at all behandling av personopplysningar er lovleg.</p> <p>Utpeike medlem til Redelighetsutvalget ved Møreforskning AS, Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda. Førebu reglementsendingar før vedtak i styret.</p>

<p>Dekan</p> <p>Leiar med ansvar for forskinga på si avdeling</p>	<p>Ansvar for at behandling av personopplysingar i forskingsprosjekt og helseforskningsdata ved avdelinga er i samsvar med norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p>	<p>Etablere rutinar for å sikre at student- og forskingsprosjekt ved avdelinga er i samsvar med norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p> <p>Etablere rutinar for å sikre at relevante avtaler, som t.d. databehandlaravtale og samarbeidsavtale, blir inngått i dei prosjekta der dette er naudsynt.</p> <p>Etablere rutinar for å kontrollere at all behandling av personopplysingar i forskingsprosjekt ved avdelinga er dokumentert/protokollført (ved hjelp av Meldingsarkivet).</p> <p>Sørge for naudsynt og regelmessig opplæring i forskningsetiske normer, personvern i forskning og informasjonstryggleik.</p> <p>Oppgåvene kan delegerast til lågare nivå, som instituttleiarar eller prodekan for forskning.</p>
<p>Prosjektleiar</p> <p>Tilsett med ansvar for dagleg drift av prosjektet.</p> <p>Ph.d. kandidatar er vanlegvis prosjektleiar for eige prosjekt.</p> <p>Rettleiar er prosjektleiar for studentoppgåver på lågare nivå enn ph.d.</p> <p>Emneansvarleg er prosjektleiar for studentprosjekt som er del av ei felles vurdering.</p>	<p>Ansvar for at dagleg drift av forskingsprosjektet er i samsvar med norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p> <p>Ansvar for å melde frå til dekan og behandlingsansvarleg ved avvik så snart dette blir oppdaga.</p> <p>Rettleiar skal inngå rettleiingskontrakt med studenten for å sikre at studenten er kjent med relevant regelverk og ansvaret han/ho har for å etterleve desse.</p>	<p>Sørge for naudsynt førehandsvurdering av prosjektet (NSD, REK) og sjå til at innsamling av forskningsdata ikkje startar før naudsynt vurdering er gitt.</p> <p>Sørge for at prosjektet blir planlagt, gjennomført og avslutta i samsvar med godkjent førehandsvurdering, norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p> <p>Rettleiar skal følgje opp ansvaret som prosjektleiar ved å forsikre seg om at studenten er kjent med HVO sin lagringsguide og Retningslinjer for forskning og at</p>

		<p>studenten er klar over ansvaret han/ho har å etterleve desse.</p> <p>Rettleiar skal godkjenne prosjektskisse og plan for datahandtering, samt kontrollere NSD si vurdering av prosjektet gjennom NSD Meldingsarkivet.</p> <p>Emneansvarleg må følgje NSD sine krav for felles vurdering.</p>
<p>Prosjektmedarbeidar</p> <p>Person med nødvendig kompetanse til å delta i eit forskingsprosjekt.</p>	<p>Ansvar for å gjennomføre forskingsprosjektet i samsvar med norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p> <p>Ansvar for å informere prosjektleiar ved avvik, rutinesvikt eller andre tilhøve med tyding for prosjektet.</p>	<p>Sørge for at prosjektet ikkje startar opp før naudsynt førehandsvurdering og registrering er gitt.</p> <p>Sørge for at prosjektet blir gjennomført i samsvar med godkjent førehandsvurdering, norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p> <p>Vurdere eigen kompetanse til å ivareta dette ansvaret og eventuelt be om naudsynt opplæring.</p>
<p>Student</p> <p>Student med nødvendig kompetanse til å utføre arbeidsoppgåver i prosjektet, nærare definert av rettleiar.</p>	<p>Ansvar for å gjennomføre forskingsprosjektet i samsvar med norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p> <p>Ansvar for å informere rettleiar (prosjektleiar) ved avvik, rutinesvikt eller andre tilhøve med tyding for prosjektet.</p>	<p>Signere rettleiingskontrakt.</p> <p>Sørge for naudsynt førehandsvurdering ved å melde prosjektet i NSD Meldingsarkivet (og evt. REK), og dele meldeskjemaet med rettleiar. (Gjeld ikkje bachelorprosjekt som er meldt inn til NSD av emneansvarleg for ei felles vurdering).</p> <p>Ikkje starte innsamling av forskingsdata før naudsynt vurdering er gitt.</p> <p>Sørge for at prosjektet blir gjennomført i samsvar med førehandsvurdering, norsk lov, anerkjende forskningsetiske normer og retningslinjer for forskning ved HVO.</p>

<p>Personvernombod</p> <p>HVO har personvernombod i eiga stilling.</p> <p>NSD – Norsk senter for forskingsdata er HVO sin personvernrådsgjevar for forskning.</p>	<p>Personvernombodet har ansvar for å bidra til at HVO følgjer personopplysingslova med forskrift.</p> <p>NSD har ansvar for å førehandsvurdere all behandling av personopplysningar i alle forskingsprosjekt ved HVO gjennom Meldeskjema.</p>	<p>Personvernombodet skal informere og gi råd om korleis regelverket kan overhaldast, og kontrollere at rutinar og reglar blir følgt.</p> <p>NSD gir førehandsvurdering, følger opp prosjektendringar og prosjektavslutning av alle forskingsprosjekt meldt gjennom Meldeskjema. Dei vil også fange opp evt. behov for ei vidare vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA).</p> <p>Personvernombodet representerer HVO ved eit evt. tilsyn. NSD vil ha ein rådgevande funksjon ved avvik eller tilsyn.</p>
<p>Redelighetsutvalget ved Møreforskning AS og høgskulane i Molde og Volda</p>	<p>Redelighetsutvalget skal bidra til å førebygge uredelighet i forskning og behandle saker der det er mistanke om brot på vitskapelege redelighetsnormer.</p>	<p>Behandle saker der det er mistanke om grove brot på god vitskapeleg praksis.</p> <p>Gi forskningsetisk godkjenning/attest til prosjekt som ikkje er søknadspliktig til Regionale komiteer for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK) eller er meldt til Norsk senter for forskingsdata (NSD), der dette er eit krav frå publiseringskanalen.</p>